

Saksnr 32/18 Utval Formannskapet

Møtedato
05.09.2018

INTERKOMMUNAL KOMMUNEDELPLAN FOR FERJESAMBANDET STORD - KVINNHHERAD; PLANPROGRAM MED SILINGSRAPPORT FOR OFFENTLEG UTLEGGING

Framlegg til vedtak

Formannskapet viser til plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-13 og vedtek at forslag til planprogram (datert 04.06.2018) med silingsrapport (datert 23.05.2018) for interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Kunngjering og oppstart av planarbeidet skal varslast samstundes.

Formannskapet bed om at Hordaland fylkeskommune nyttar høyringsperioden til å avklare finansieringsalternativ og realisme i gjennomføring av planen då ein ikkje ynskjer å binde opp arealbruk i Stord kommune til prosjekt som ikkje let seg gjennomføre (jf. Pbl §3-1, 3. ledd).

Saksprotokoll i Formannskapet - 05.09.2018

Vedtak

Formannskapet viser til at finansiering av prosjektet er uavklart og vedtek å ikkje senda planprogrammet ut på høyring på noverande tidspunkt.

Formannskapet bed fylkeskommunen avklara finansieringsalternativ og realisme i gjennomføring av planen.»

Handsaming

Samrøystes vedteke

* * *

Lene Pilskog (AP) kom med framlegg til vedteke slik det ligg føre.

* * *

Rådmannen si innstilling som fall:

Formannskapet viser til plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-13 og vedtek at forslag til planprogram (datert 04.06.2018) med silingsrapport (datert 23.05.2018) for interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Kunngjering og oppstart av planarbeidet skal varslast samstundes.

Formannskapet bed om at Hordaland fylkeskommune nyttar høyringsperioden til å avklare finansieringsalternativ og realisme i gjennomføring av planen då ein ikkje ynskjer å binde opp arealbruk i Stord kommune til prosjekt som ikkje let seg gjennomføre (jf. Pbl §3-1, 3. ledd).

Rådmannen, 21.08.2018

Dokumentliste

I	17.01.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Oversending av rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset - Stord
I	13.03.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av sak i fylkesutvalet 22. februar
S	22.03.2017		Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid
I	11.04.2017	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Tilkopling for Kvinnherad til ny E39 (kopi av brev til Kvinnherad kommune)
X	21.04.2017		Særutskrift Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid
U	08.05.2017	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av vedtak
I	03.07.2017	Hordaland fylkeskommune v Matti Torgersen	Referat frå møte 23 juni om sambandet Stord-Kvinnherad
I	21.08.2017	Fylkesdirektør for samferdsel	Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad
S	13.09.2017		Interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad - oppstart av planarbeid
I	22.09.2017	Kvinnherad kommune	Ferjesamband Stord - Kvinnherad
X	05.10.2017		Særutskrift Interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad - oppstart av planarbeid
U	13.10.2017	Hordaland fylkeskommune	Interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord-Kvinnherad - oppstart av planarbeid
I	22.11.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Spørsmål om Kvinnherad si tilknytning til ny E39 (kopi av brev til kommunaldepartementet)
I	01.12.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Idedugnad for interkommunal plan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad (fredag 15. des 2017 kl. 1030 – 1350 i kommunestyresalen Stord rådhus)
I	12.12.2017	Husnes Vekst v Åsmund Kåre Rørvik	Uttale frå Husnes Vekst vedrørende betring av kommunikasjonstilhøva mellom Stord og Kvinnherad
I	18.12.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Møtereferat politisk referansegruppe for ferjesambandet Stord-Kvinnherad
I	05.02.2018	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Referat frå møte i politisk referansegruppe for ferjesambandet Stord-Kvinnherad 2. februar
U	19.02.2018	Aina Eriksen m.fl.	Invitasjon til orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen
U	19.02.2018	Statens vegvesen, Region Vest m.fl.	Invitasjon til orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen
U	21.02.2018	Aina Eriksen m.fl.	Ny dato for orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen
U	21.02.2018	Statens vegvesen, Region Vest m.fl.	Ny dato for orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen
I	30.01.2018	Gaute Straume Epland	Politisk referansegruppe ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Dagsorden og møtepapir
U	21.02.2018	Arne Bjelland m.fl.	Orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen - utsending av silingsrapport
U	21.02.2018	Rommetveit båtlag m.fl.	Orienteringsmøte for grunneigarar i

I	02.03.2018	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Sævarhagen - utsending av silingsrapport Ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad
I	12.03.2018	Espen Åkra m.fleir	Innkorting av ferjesambandet Kvinnherad-Stord
I	12.03.2018	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Utkast silingsrapport av 9.mars 2018
I	12.03.2018	Rommetveit Båtlag	Ny dato for orienteringsmøte for grunneigarar i Sævarhagen
I	25.03.2018	For styret i Rommetveit Båtlag og Aksjonskomiteen "nei til ferjestø i Sævarhagsvikjo" v Stein Stendahl	Feil i silingsrapporten for nytt ferjestø Stord - Kvinnherad.
I	04.04.2018	Rommetveit båtlag	Sævarhagsvikjo lite eigna som lokalitet for nytt ferjestø
I	04.04.2018	Stordhaug Vel / Hystadtræ Vel	Ferjesambandet Stord - Kvinnherad : Nei til ferjestø i området Hovaneset - Valevågen
I	09.04.2018	Hordaland Fylkeskommune	Referat frå møte 4. april i politisk referansegruppe sambandet Stord-Kvinnherad
I	20.04.2018	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane-Ranavik (kopi til Stord kommune)
I	27.04.2018	Odd Winge, Styremedlem i Sunnhordland botaniske forening	Om ferjekai i Sævarhagesvikjo
I	04.05.2018	Multiconsult Stord v Eirik Myhre	Ny info! Mogleg fergefri forbindelse til Husnes
I	07.05.2018	Nei til ferjestø i Sæverhagsvikjo v Stein Stendahl	Ferjestøsaka
I	07.05.2018	Nei til ferjestø i Sæverhagsvikjo v Stein Stendahl	Ferjesaka 2
I	07.05.2018	Nei til ferjestø i Sæverhagsvikjo v Stein Stendahl	FERJESTØSAKA.
I	07.05.2018	Øyvind Heggland	Ferjesamband Stord- kvinnherad - eit alternativ til å samla seg om!
I	15.05.2018	Nei til ferjestø i Sæverhagsvikjo v Stein Stendahl	FERJESTØSAKA 2018 [viser til merknadene frå 2006 frå Stord – Fitjar Landbruks- og Miljøkontor]
I	13.05.2018	Harald Inge Fatland	Ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord i relasjon til E39-utbygginga i Sunnhordland
I	16.05.2018	Aksjonskomiteén mot ferjeleie i Sævarhagsvikjo v Olav Fjell	Ferjestøsaka
S	25.05.2018		Interkommunal plan ferjesamband Stord - Kvinnherad; planprogram
U	31.05.2018	Espen Åkra m.fleir m.fl.	Svar vedk. Dykkar innspel til saka om interkommunal plan ferjesamband Stord - Kvinnherad
U	31.05.2018	Multiconsult Stord v Eirik Myhre	Svar vedk. Dykkar innspel til saka om interkommunal plan ferjesamband Stord - Kvinnherad
I	11.06.2018	Hordaland fylkeskommune	Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga (kopi av brev til Stord kommune)
I	14.06.2018	Multiconsult	Ny info! Mogleg fergefri forbindelse til Husnes
U	11.07.2018	Hordaland fylkeskommune v Matti Torgersen	nyt innspel i ferjesaka Stord - Kvinnherad
I	05.06.2018	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Planprogram med silingsrapport for offentleg utlegging
S	21.08.2018		Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad; planprogram med silingsrapport for offentleg utlegging

Vedlegg:

- 1 Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Planprogram utkast 04.06.18
- 2 Interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Silingsrapport pr 23.05.18
- 3 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga (kopi av brev til Stord kommune)

Innleiing (bakgrunn for saka)

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd forslag til planprogram for interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad og sendt dette over til kommunane Stord og Kvinnherad for utlegging til høyring og offentleg ettersyn.

Den interkommunale planen vil få status som kommunedelplan. Det er fylkeskommunen som utarbeider planen, men det er kommunestyra i dei deltakande kommunane som er planmynde. Det er Formannskapet som etter delegasjonsreglementet skal vedta om planarbeidet skal kunngjerast og om planprogrammet skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Kommunestyret vedtok i møte 20.04.2017, sak 15/17, om forprosjekt for ferjestø Djupavikneset, at kommunen ville delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Vedtaket lydde slik:

*«Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad. Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39
Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.
Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvare å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.
Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:
- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering
Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsveggar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.»*

På bakgrunn av vedtak i både Stord og Kvinnherad kommune utarbeidde Hordaland fylkeskommune eit notat om organiseringa planprosessen. Det vart skissert eit opplegg for ein interkommunal kommunedelplan der Hordaland fylkeskommune er tiltakshavar og utarbeider planprogram, konsekvensutgreiing og planforslag. Arbeidet skulle gjerast i samarbeid med ei administrativ plangruppe med medlemmer frå dei to kommunane, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Skyss. Det skulle vidare opprettast ei

politisk referansegruppe/ styre for arbeidet, leia av politisk representant frå fylkeskommunen. Formannskapet handsama saka i møte 4. oktober 2017 og gjorde fylgjande vedtak (sak PS 35/17):

«Formannskapet vedtek å setja i gang arbeid med interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av kommunestyret sitt vedtak i møte 20.04.2017, sak 15/17, og notat frå Hordaland fylkeskommune v/ Fylkesdirektøren for samferdsel datert august 2017.

Formannskapet utnemner følgjande 3 personar som medlemmer av styret/ den politiske referansegruppa:

Ordførar

Varaordførar

Geir Angeltveit (V)»

Hordaland fylkeskommune sette på denne bakgrunnen i gang planprosessen. Kommunane har vore engasjerte i arbeidet gjennom administrativ arbeidsgruppe og politisk referansegruppe. Det er gjennomført omfattande prosessar for å få fram målsettingar for planarbeidet og for å finna moglege alternativ for framtidig ferjesamband. Dette har no munna ut i forslag til planprogram for det vidare arbeidet, samt ein silingsrapport med forslag til innsnevring av talet på alternativ som det skal arbeidast vidare med.

Om silingsrapporten

Som grunnlag for planprogrammet er det utarbeidd ein silingsrapport med vurdering av alle aktuelle løysingar for framtidig ferjesamband. Silingsrapporten leier fram til ei tilråding om kva for alternativ som skal inngå i kommunedelplanprosessen. Det er teke utgangspunkt i alle alternativ for ferjestø, på begge sider av fjorden, som har kome fram gjennom fagleg arbeid, idedugnad, forslag frå publikum og drøftingar i arbeids- og referansegruppene. Innleiingsvis vart det i arbeidet med silingsrapporten definert overordna mål og silingskriterium. Det er lagt til grunn fylgjande overordna mål for arbeidet:

- Byggje saman Sunnhordlandsregionen og styrkje felles bu- og arbeidsmarknad
- Fremje transporteffektivitet og berekraftige transportløysingar
- Avgrense kostnader og negative miljømessige verknader av nye samferdselstiltak

Basert på desse overordna måla vart det definert fire delmål/ silingskriterium som har vore grunnlag for vurdering av måloppnåing:


Delmål / silingskriterier	Måleindikatorar/vurderingsgrunnlag.
1. Meir attraktivt samband mellom Stord og Kvinnherad (trafikkantane)	<ul style="list-style-type: none"> • Overfartstid, ruteopplegg/frekvens, ventetid mm. • Reisetid mellom sentrale målpunkt • Køyrelengd, framkomst, kapasitet mv. • Strategiske vurderingar (framtidig transportsystem, beredskap mv.)
2. Meir miljøvennleg samband mellom Stord og Kvinnherad (samfunnet)	<ul style="list-style-type: none"> • Driftskonsept (ruteopplegg, ferjemateriell mv.) • Tilrettelegging for kollektivtransport (snøggått, buss) • Transportarbeid på veg
3. Avgrense kostnader for det offentlege og trafikkantane og sikre gjennomføringsevne	<ul style="list-style-type: none"> • Anleggskostnader • Driftsøkonomi, ferjetakstar • Moglegheit for finansiering • Moglegheit for etappevis utbygging
4. Avgrense arealkonfliktar og negative konsekvensar for miljø og trafikktryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Verdivurderingar • Konfliktar/konsekvensar for naturressursar, landskap, kulturminne, nærmiljø/friluftsliv mv. • Vegstandard, trafikktryggleik, løysingar for gåande og syklande mv.

Silingsprosessen er vidare gjennomført i tre trinn. I trinn 1 er det gjort ei innleiande, overordna vurdering av ulike konsept. Ein har tatt utgangspunkt i geografiske område på begge side av fjorden, heller enn konkrete lokaliseringar for ferjestø. Basert på overordna vurdering av måloppnåing er det gjort ei samanstilling av fem konsept, der ein tilrår å gå vidare med tre av dei.

I trinn 2 er det gjort nærare analysar og samanstilling av alternative ferjestø innanfor kvar av dei geografiske områda som er definert av konsept. Dette lei fram til eit framlegg til utstilling av konkrete ferjestø innanfor kvart konsept.

Med utgangspunkt i tilrådde/moglege alternativ for lokalisering av ferjestø i dei utvalde konsept, er det i trinn 3 gjort ei endeleg samanstilling av konsept og graden av måloppnåing er vurdert. Trinn 3 lei til endeleg tilråding av konsept og kva alternative ferjestø som skal gå vidare i kommunedelplanprosessen.

Kartet under syner dei aktuelle lokaliseringane av ferjestø som sto att etter silingsstrinn 2 og dei ulike kombinasjonane av ferjesamband dette ga.



Silingsrapporten konkluderer med at konsept K2, kort samband til Halsnøy, vert tilrådd som framtidig ferjeløysing mellom Stord og Kvinnherad. På Stord-sida var aktuelle alternativ til lokalisering Buvika/Kvernaneset, Sævarhagen og Valevågen. I Kvinnherad vart det rådd til å ta med Klosterneset, Sætersneset og Ranavik som alternativ i det vidare planarbeidet. Stord-representantane i den politiske referansegruppa har vore tydelege på at Buneset/Kvernaneset ikkje er ynskjeleg som lokalisering grunna tidlegare utgreingar av alternativet på Kvernaneset og at ein ikkje vil ta i bruk urørt strandsone.

Om planprogrammet

Lova krev at formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreingar blir skildra. Overordna mål og silingskriterium frå silingsrapporten er teke med vidare i planprogrammet.

Plan- og bygningslova krev vidare at det vert utarbeidd ei konsekvensutgreiing (KU) for å vurdere særskilt planen sine verknader for miljø og samfunn. Planprogrammet gjer greie for opplegg og metodikk for KU.

Moglege alternativ skal skildrast i eit planprogram. I denne saka er det ei krevjande øving sidan det er mange moglege løysingar og tilsvarande mange meiningar om kva løysing som vil vere den beste. Det har derfor vore viktig å definere mål og silingskriterium i ein tidleg fase som grunnlag for arbeidet. Silingsrapporten ligg til grunn for dei alternativa som no er tekne inn i planprogrammet.

Forslagsstillaren (fylkeskommunen) har lagt til grunn den politiske referansegruppa si tilråding om alternativ i K2-konseptet for det vidare arbeidet, men har på fagleg grunnlag lagt til eit ekstra ferjestø-alternativ på Stord-sida (Buvika). Vidare vert også konsept 4 Jektevik - Sunde teke med i det vidare planarbeidet. Ferjestø på Sunde skal uavhengig av dette også vurderast som midlertidig eller permanent løysing på grunn av førebels uavklarte problemstillingar knytt til vegstandarden over Halsnøy. Følgjande alternative lokaliseringar av nytt ferjestø vert såleis føreslege greidd ut i kommunedelplanen:

Stord: Jektevik, Buvika, Sævarhagen og Valevågen

Kvinnherad: Klosterneiset, Sætersneset, Ranavik og Sunde

Det kan ikkje gjerast fullt planarbeid på alle alternativ, slik at nye rundar med siling må gjennomførast først. Fylkeskommunen foreslår at dette vert integrert i det vidare planarbeidet og utan ein ekstra runde med revidering av planprogrammet.

Planprogrammet gjer greie for korleis det vidare arbeidet med siling og konsekvensutgreiing skal gjennomførast. Bruken av administrativ arbeidsgruppe og politisk referansegruppe vert vidareført. Det vert lagt opp til at planprogrammet kan vedtakast oktober 2018. Parallelt med dette skal arbeidet med siling starte opp. Det er lagt opp til å avklare kva alternativ ein skal utarbeide kommunedelplan for i løpet av hausten 2018. På nyåret vil fylkeskommunen utarbeide sjølve kommunedelplanen for dei alternativ som står att etter silingsfasen hausten 2018. Denne framdrifta kan gje grunnlag for å fremje eit planforslag før sommaren 2019.

Planprogrammet skildrar også korleis ein skal gjennomføre informasjon og krav til medverknad i planprosessen. Det er lagt opp til ein open prosess med brei medverknad. Mellom anna vil det i høyringsfasen av planprogrammet bli arrangert folkemøte i begge kommunane.

Kvinnherad kommune handsama framlegg til planprogram og silingsrapport i Formannskapet den 16. august 2018 og gjorde fylgjande vedtak: «Kvinnherad formannskap vedtek at forslag til planprogram (datert 04.06.2018) og silingsrapport (datert 23.05.2018) for interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med minst seks veker frist for uttale, jf. Plan- og bygningslova §11-13. Utlegging vert kunngjort i lokalpressa og i kommunen sine elektroniske medium.»

Vurdering

Rådmannen meiner målsettingane som ligg til grunn for planarbeidet, prosessen bak dei og måten dei er nytta til no er tenleg og at dette kan leggjast til grunn for det vidare arbeidet. Dei byggjer på dei vedtak som er gjort i Stord kommune for planarbeidet. Planprogrammet sitt opplegg for medverknad og fristar har ein god balanse mellom involvering av administrativ og politisk leiing i kommunane, deltaking frå publikum og omsyna til effektiv framdrift. Rådmannen vil berre opplyse om at høyringsfristar og den politiske møtekalenderen i Stord kommune tilseier at det ikkje er mogleg å vedta planprogrammet før desember 2018. Det kan dermed verke noko optimistisk å ha klart eit planframlegg før sommaren 2019.

Rådmannen har ingen merknader til sjølve planprogrammet, og rår til at forslag til planprogram saman med silingsrapporten kan sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn.

Kommunestyret sette som vilkår for planarbeidet at det måtte vere «... vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.» Den 4. juni kom det kopi av eit brev til Samferdselsdepartementet frå fylkeskommunen v/ fylkeordføraren der det vert vist til brev frå Samferdselsdepartementet som viser at føreliggjande alternativ for innkorting av ferjesambandet Stord – Kvinnherad ikkje kjem inn under ordninga med finansiering ved ferjeavløysingsmidlar. Fylkesordføraren skriv at «Hordaland fylkeskommune har store utfordringar på fylkesvegnettet, og eg kan ikkje sjå at fylkeskommunen kan løfte eit prosjekt åleine, sjølv med bompengefinansiering av eit nytt samband. Dette betyr i praksis at vi truleg vil vere avhengig av ferjeavløysingsmidlar for å kunne realisere innkorting av sambandet.»

Rådmannen vil vise til dei utfordringane vi allereie har i kommunen når det gjeld arealforvaltning og utbygging som fylgje av arealbruksbindingar der realiseringa ligg langt fram i tid. Bandlegging i høve framtidig E39 gjennom kommunen, som er eit svært viktig prosjekt for oss, gjer det utfordrande og kostnadsdrivande for vidare utbygging ved at ein må leggje til rette for mellombelse løysingar så lenge prosjektet ikkje vert realisert. Rådmannen ser det som uheldig å gå i gang med fleire, store planprosjekt som kanskje/truleg ikkje let seg realisere. Det bør derfor i samband med høyringsfasen av planprogrammet avklarast om det faktisk let seg gjere å finansiere eit nytt alternativ for ferjesambandet. Førrelse kostnadsoverslag i silingsrapporten tilseier at det kan bli svært utfordrande. Rådmannen vil også vise til at det er eit lovkrav at planlegginga skal «bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikke være med omfattende enn nødvendig» (Pbl §3-1, 3. ledd). Dersom eit nytt, innkorta ferjesamband ikkje let seg finansiere, bør partane i plansamarbeidet vurdere om det er tenleg å gå vidare med planarbeidet.

I Stord kommune har det også vore underskriftsaksjon etter Kommunelova §39a. Folkeaksjonen «Nei til nytt ferjestø i Sævarhagsvikjo» har levert 1900 underskifter til kommunen. Dei fremjar fylgjande forslag: «1900 underskrivarar (10% av innbyggjarane i Stord kommune) som er brukarar og naboar til området, bed Stord kommunestyre og andre beslutningstakarar om å leggja vekk planane om bygging av nytt ferjestø i Sævarhagsvikjom, og i staden utvida eksisterande ferjestø i Jektevik.»

Kommunelova §39a pkt 2 seier at «Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 månader etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågåande plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om de avgjørelser som treffes, og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.» Det er gått ut informasjon om at innbyggjarinitiativet i første omgang vil bli handsama i samband med pågåande planprosess.

Økonomiske konsekvensar

Dette vil koma fram som del av det vidare arbeidet.

Miljømessig konsekvens

Dette vil koma fram som del av det vidare arbeidet.

Folkehelse

Dette vil koma fram som del av det vidare arbeidet.

Universell utforming

Dette vil koma fram som del av det vidare arbeidet.

Beredskap

Dette vil koma fram som del av det vidare arbeidet.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at føreliggjande forslag til planprogram med silingsrapport vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Det må i høyringsperioden avklarast om det er finansielt mogleg å gjennomføre eit endeleg planforslag. Alternativt må partane i planarbeidet vurdere å avslutte planprosessen.